

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 17. februar 2021
Tid: kl. 18.00
Sted: Bokn Arena, møterom Boknahåve i 2. etg.

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saksliste:

- 1/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 20.11.19**
- 2/21 Plan for orienteringar i 2021-22**
- 3/21 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråver» -2. gangs handsaming**
- 4/21 Oppfølging av etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2019**
- 5/21 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt**
- 6/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandpakken**
- 7/21 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2020**
- 8/21 Referat- og orienteringssaker 17.02.21**

Eventuelt

Aksdal, 10.02.21

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	17.02.21	1/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 11.11.20

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 11.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 11.11.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 11.11.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 09.02.21

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **11. november 2020** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, allrommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Anne Løvereide Faye (Ap), Hans Jørgen Ognøy (KrF) og Kim Erik Larsen (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. vara Fredrik Sunde Olaussen (H)
FORFALL:	Catharina Øvrebø (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Partner Else Holst-Larsen, Deloitte AS, Hgsd Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr på Teams i sak 22/20 og 23/20
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Osmund Våga Rådmann Ingeborg Skjølingstad Kommunalsjef Grethe Heimvik i sak 21/20
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 20/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.09.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 09.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 09.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 21/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF HELSE OG OMSORG

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og omsorg om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Kommunalsjef Grethe E. Heimvik presenterte seg som Tysvær-jente med 20 års fartstid i Bokn. Ho har vore einingsleiar frå 2013 og kommunalsjef no frå 1. mars. Ho viste organiseringa av tenestene og fordelinga av årsverk innan desse. Ho har ansvar for 38,5 årsverk og rundt 55 tilsette. Ved rekruttering av sjukepleiarar hadde det vore nytta direkte kontakt og gode vilkår for nyutdanna, men det jamnar seg ut etter 16 år ansiennitet. Elles så lokka dei med eit godt arbeidsmiljø, moglegheit for kompetanseheving, og no også moderne lokalar og utstyr ved sjukeheimen. Dei hadde hatt stor fokus på fagutdanning og her var det lav turnover. Nettoramma er på nær 26 mill. kr. Målet er å vidareføre dagens driftsnivå. Avtalen med Karmøy om sal av institusjonsplassar berger budsjettet for 2021.

Av andre utfordringar trakk ho fram at det vert fleire eldre og færre born. Bokn har fleire unge uføre og mange einbuarar enn andre kommunar.

For å nå deira mål vil dei satse på tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats, auke opp tilbodet, meir tidsavgrensa vedtak, innovasjon og velferdsteknologi. Utvalet hadde inga spørsmål. Utvalsleiar takka for presentasjonen.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og omsorg om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 22/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024 MED RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGAR

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

1. Kvalitet i grunnskolen
2. Sjukefråver og IA-arbeid

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Sosiale tenester i NAV
- Pleie og omsorg
- Økonomistyring og budsjett
- informasjonstryggleik
- Bokn Arena

Bokn kommunestyret gjev kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Forvaltningsrevisor Gåsemyr deltok på Teams. Ho lurte på om utvalet ønska nokon endringar i planen. Utvalsleiar meinte det så ut som ein god plan, slik den var. Utvalet var samd i det, og hadde ingen spørsmål eller merknader. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

- 1. Kvalitet i grunnskolen**
- 2. Sjukefråver og IA-arbeid**

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- **Sosiale tenester i NAV**
- **Pleie og omsorg**
- **Økonomistyring og budsjett**
- **informasjonstryggleik**
- **Bokn Arena**

Bokn kommunestyret gjev kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

SAK 23/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR 2020-2024**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kommunestyre vedtar Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre med følgjande prioritering:

- **overordna eigarskapskontroll**

Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006 og sist endra 2012.

Bokn kontroll- og kvalitetsutval får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Forvaltningsrevisor Gåsemyr deltok på Teams. Utvalet hadde ingen spørsmål eller merknader. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre vedtar Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre med følgjande prioritering:

- **overordna eigarskapskontroll**

Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006 og sist endra 2012.

Bokn kontroll- og kvalitetsutval får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

SAK 24/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL – REVISOR SI ATTESTASJON

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagt attestasjonsuttale frå Deloitte AS om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 og revisor sin gjennomgang til orientering.

Utvalet vil minne rådmannen om vedtaket i sak 9/20 med frist 31.12.20 for tilbakemelding om revisor sine merknader til rekneskapen for 2019.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Rekneskapsrevisor Holst-Larsen gjorde greie for lovkrav om attestasjon. Det er ikkje levert «rein» attest. Det som det var reagert på i kontrollen er allereie rapportert i vårens revisjonsrapport. Det var altså ikkje noko nytt som var avdekket. Medlemmene hadde ingen merknader og støtta ei tilbakemelding.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagt attestasjonsuttale frå Deloitte AS om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 og revisor sin gjennomgang til orientering.

Utvalet vil minne rådmannen om vedtaket i sak 9/20 med frist 31.12.20 for tilbakemelding om revisor sine merknader til rekneskapen for 2019.

SAK 25/20 REVISJONSPLAN FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisjonsplan 2020 frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Regnskapsrevisor Holst-Larsen viste til utarbeida plan. Ved en feil var planen ikkje sendt ut, men vil bli ettersendt. Ho fokuserte på risikokartet, kor dei lyseblå bobla viste forhold opp mot etterlevingskontrollen, og kor det burde bli lagt ned meir ressursar. Det gjaldt budsjettprosessen, oppfølging av vedtak og offentleg støtte. Det hadde vore gjennomført interimrevisjon i førre veke. Arbeidet med anleggsregisteret er no i gang. Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisjonsplan 2020 frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

SAK 26/20 MØTEPLAN FOR 2021 – KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2021:

onsdag 03.02, 26.05, 08.09 og 17.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Utvalssekretær etterlyste formannskapsmøte etter 11. mai i rådmannen sitt framlegg der uttalen til årsrekneskapen vert lagt fram. Dette møtet ville bli lagt inn. Utvalsmedlem Larsen gjorde merksam på turnusen gjorde at han berre kan stille på to av møta neste år. Medlemmene var samd i å halde på framlegget. Varamedlem vil då bli kalla inn.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2021:

onsdag 03.02, 26.05, 08.09 og 17.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 27/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.11.20

33. Statusrapport pr. november 2020

34. Kommunestyrevedtak 27.10.20, sak 45/20 – Val av revisjonsordning frå 01.07.21

35. FKT- info september 2020

36. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20

37. Henvendelser til kontrollutvalet – frå FKT si «*Veileder for sekretariat for kontrollutvalg*»

38. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentantar kan delta digitalt i eit elles fysisk møte

39. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalet

40. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 02.12.20

41. FKT/dept. 15.10.20 – Om kontrollutvalet sitt budsjettframlegg – tolking av KL § 23-5

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Sekretær gjorde greie for sakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader, bortsett frå at Faye opplyste at revisjonssaka var vedteken etter gruppemøte og ordførar si dobbelstemme.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.20:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 33-41 til orientering.

EVENTUELT

Utvalsleiar etterlyste innspel til nye orienteringar. Utvalet ønskte sak om dette til neste møte.

Neste møte

Etter ny møteplan er dato sett til onsdag **3. februar** 2021. Saker: Tilbakemelding om rekneskap 2019, oppfølging av rapport, val av nytt prosjekt og plan for orienteringar.

Bokn, 11. november 2020

Lars Øyvind Alvstad
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	17.02.21	2/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR I 2021-22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap:

møtet 26.05.21
 møtet 08.09.21
 møtet 17.11.21
 1. møte 2022
 2. møte 2022 osv.

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok følgjande plan for orienteringar i møtet 12.02.20, sak 2/20:

Møtet 10.06.20 Rådmannen
 Møtet 09.09.20 Kommunalsjef skule og oppvekst
 Møtet 11.11.20 Kommunalsjef helse og omsorg

Sekretær opplyste at ny sak kunne bli lagt fram for utvalet neste år. Utvalet slutta seg til framlegga.

Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Kontrollutvalet kan invitere einkvar leiar eller tilsett. Den enkelte leiar eller tilsett får da delta i eit kontrollutvalsmøte kor dei får presentere sin etat/avdeling/seksjon med fokus på arbeids- og ansvarsområde den enkelte etat/avdeling/seksjon har.

Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg også i 2021 og i 2022, for på den måten å gjere utvalet betre kjent med kommunen sin drift og utfordringar.

Rådmannen er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går difor via rådmannen, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hennar vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Rådmannen skal då vere orientert om det.

Utvalet blir no bedt om å ta stilling kven dei ønskjer å be om å komme på neste møte og dei andre møta i år og neste år. Det vil kunne bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Kontrollutvalet v/sekretariatet vil oppfordre og utfordre den enkelte leiar til å komme med både ris og ros av eigen seksjon, fokusere på både det som går bra og kva som er av utfordringar. Sekretariatet vil gjere framlegg at det vert orientert om følgjande (kun rettleiande):

Tenesteområdet og tenestetilbod

- Korleis tenesteområdet er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområdet

Talet tilsette på tenesteområdet

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap**Tankar om framtida**

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg.

Det er greitt, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 09.02.21

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	30.03.21	/21
Kontroll- og kvalitetsutvalet	17.02.21	3/21
Kommunestyret	16.06.20	23/20
Kontroll- og kvalitetsutvalet	10.06.20	8/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SJUKEFRÅVER I SKULE OG BARNEHAGE» (2. GANGS HANDSAMING)

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjukefråver i skule og barnehage» til orientering.

Vedlegg: Rådmannen si tilbakemelding, dagsett 19.01.21

Bakgrunn

Bokn kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 14.05.19, sak 17/19 følgende:

- 1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefravær i skule og barnehage i Bokn kommune» og tek denne til orientering.**
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.**
- 3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.**

Føremålet med prosjektet var å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefraværet innan skule og barnehage og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Revisjonen hadde følgjande tilrådingar:

1. **sikra systematisk oppfølging av IA-avtalen i samsvar med gjeldande avtale,**
2. **sikra at målsettingar for sjukefråværsarbeidet er oppdaterte, og vurderer å utarbeide eigne mål og tiltak knytt til sjukefråvær i barnehage og skule slik at desse er tilpassa verksemdene,**
3. **sikra at hovudverneombod blir valt og at det blir skrive referat frå møta i arbeidsmiljøutvalet.**

Revisjonen hadde òg kome med følgjande merknader:

Undersøkinga viser at Bokn kommune har **god oversikt** over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage. Revisjonen meiner vidare at Bokn kommune har **sett i verk gode tiltak** for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket.

Samtidig meiner revisjonen at det ikkje er tilfredstillande at kommunen **ikkje har følgd opp IA-avtalen** for perioden 2014-2018. Det er **ikkje utarbeidd handlingsplan** med tiltak saman med dei tilsette som ledd i oppfølginga av avtalen, og målsettingar for sjukefråværsarbeidet er ikkje oppdaterte.

Revisjonen vil vidare understreke viktigheita av at kommunen sikrar at arbeidsmiljøutvalet (AMU) fungerer tilfredstillande. Per februar 2019 har kommunen **ikkje hovudverneombod** og det er **ikkje skrive referat** frå dei tre møta AMU hadde i 2018.

Oppfølging/tilbakemelding

Rådmannen kom med følgjande tilbakemelding den 03.06.20:

Bokn kommune har hausten 2019 arbeida med desse anbefalingane, og det er laga ein framdriftsplan for oppfølging.

Kommunen hadde ei målsetting om å iverksetje eit arbeid knytta til handlingsplanar med mål og tiltak for IA arbeid som er utvikla som følge av anbefalinga i punkt 2.

Diverre har kommunen siste halve året vore i ein situasjon med personalmangel både på skulen knytt til rektorstillinga og i sentraladministrasjonen knytt til personalsjefstillinga. Dette har gjort at det ikkje har vore tilstrekkeleg kapasitet for å iverksette dette arbeidet. I mars vart kommunen og råka av koronasituasjonen og kommunen måtte ha fokus på beredskapen knytta til dette.

Bokn kommune vil difor setje i gong med arbeidet som er nedfelt i handlingsplanane knytt til IA arbeid frå hausten 2020.

Kontroll- og kvalitetsutvalet handsama tilbakemeldinga i møtet 10.06.20, sak 8/20 og kommunestyret vedtok samrøystes 16.06.20, sak 23/20 følgjande:

Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om utsatt oppfølging av forvaltnings-revisjonsrapporten «Sjukefråver i skule og barnehage» til orientering.

Rådmannen gjer ny tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 7 månader og seinast 15.01.21.

Rådmannen har kome med ny tilbakemelding den 19.01.21. Tillbakemeldinga følgjer som vedlegg. Frå tilbakemeldinga er følgjande tatt inn i saksframlegget:

«IA avtalen har følgande nasjonale mål for perioden 2019 – 2022:

- Sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018*
- Fråfallet frå arbeidslivet skal reduserast*

For å nå måla er det valt ut to innsatsområde:

- Forebyggande arbeidsmiljøarbeid*
- Innsats mot lange og/eller hyppige gjentakande sjukefråvær*

Det overordna målet for IA-samarbeidet er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å forebygge sjukefråvær og fråfall og på denne måten bidra til å auke sysselsettinga.

Den enkelte arbeidsplass er den viktigaste arenaen for arbeidet med å skape eit meir inkluderande arbeidsliv. IA-omgrepet brukast derfor også om ei tilnærming til korleis arbeidsplassen kan bli meir inkluderande.

Bokn kommune har hausten 2020 starta opp med faste møter i AMU – 2 på hausten og 2 på våren.

Hausten 2020 er det og starta opp med HMS – grupper for dei ulike tenesteområda i Bokn kommune:

- Helse og omsorg*
- Oppvekst – og kultur*
- Sentraladministrasjon inkludert teknisk*

Det er utarbeida ein eigen rettleiar for gruppene og det er beskrive kva ein skal ha på agendaen. Eit godt partssamarbeid er ein føresetnad for å lykkes med IA arbeidet og både tillitsvalde, verneombod og leiing er representert i gruppene.

Eksempler på saker som drøftes i HMS gruppene:

- Fokus på nærvær*
 - Rutine i forhold til korleis ein følger opp tilsette som er gravide slik at de kan stå i arbeid lengst mogleg*

- Fokus på 0-samtalen – at tilsette må kontakte leiar før lege når de byrjar å kjenne at «det luggar litt» og ein kjenner at ein står i fare for å bli sjukemeldt
- Fråvær/nærvær er fast sak på HMS utvalsmøter

Kommunen har inngått eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter som følger opp kommunen med tanke på IA arbeidet.

Overordna rutine for oppfølging av sjukemeldte er revidert og skal no ut på høyring i HMS gruppene for så å bli vedteke i AMU.

AMU vedtok hausten 2020 at alle tilsette i Bokn skulle få tilbod om å delta i personalundersøking i januar 2021. Undersøkinga vert gjennomført av bedriftshelsetenesta. Planen er å bruke resultata frå undersøkinga til å definere lokale IA mål for Bokn. HMS gruppene blir sentrale i oppfølginga av undersøkinga.

Gode resultat krev systematisk og langsiktig arbeid. IA-arbeidet dreier seg generelt sett om å:

- systematisk redusere psykiske og fysiske belastningar på arbeidsplassen.
- førebygge fråvær gjennom tilrettelegging av arbeidet for den enkelte tilsette.
- følgje opp sjukemeldte på ein strukturert måte for å få dei raskt tilbake i jobb. Til dette trengs rutinar og kompetanse rundt sjukefråværsoppfølging. Sjukmelding er ikkje ei privatsak, og det skal vere tett kontakt mellom leiar og sjukmeldt.
- aktivt stimulere til at eldre arbeidstakarar blir så lenge som mogleg i arbeid.
- forsøke å ha tilsette i jobb sjølv om dei ikkje kan yte 100 prosent.
- legge til rette for tilsetting av personar som strever med å finne ein jobb.
- ha fokus på eit godt arbeidsmiljø, trivsel og faktorar som motiverer tilsette til å komme på jobb. Arbeidsplassen skal ideelt sett vere helsefremjande, noko ein oppnår til dømes gjennom å sørgje for at dei tilsette blir sett, høyrte og involvert, at roller og oppgåver er tydelege og at dei tilsette opplever arbeidet som meningsfullt.
- Arbeidsplassen formast i stor grad gjennom leiarskap. Derfor har leiinga eit ansvar for å skape gode rammevilkår for ein inkluderande arbeidsplass. Forankring og engasjement heilt opp på øvste nivå i ei verksemd er avgjerande for å lukkast med IA-arbeidet.

Den andre hovudaktøren er dei tilsette sjølv, som pliktar å samarbeide konstruktivt i utviklinga av sin arbeidsplass. Det er derfor avgjerande at IA-arbeidet er forankra i partssamarbeidet. Verneombod og tillitsvalde er sentrale aktørar som medverkar til å legitimere og forankre IA-arbeidet i heile organisasjonen. I tillegg finst det mange andre aktørar og gode hjelparar, som til dømes bedriftshelsetenesta, legar og NAV. For å lukkast krev IA-arbeidet eit konstruktivt samarbeid, tillit og dialog mellom alle desse aktørane.

Rådmannen sin konklusjon

Kommunen er godt i gang med oppfølging av IA avtalen, noko som er eit kontinuerleg arbeid. Fokus er at dei måla ein kjem fram til i løpet av våren 2021 er godt forankra i organisasjonen.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Sekretariatet meiner dette verkar ikkje å vere aktuelt no. Siste tilbakemeldinga frå rådmannen januar 2021 viser at tilrådingane om å setje i verk tiltak no er følgt opp, men som ho skriv er oppfølging av IA-avtalen eit kontinuerleg arbeid.

Aksdal, 09.02.21

Toril Hallsjø
Daglig leiar/utvalssekretær

Rådmann

Toril Hallsjø

Dato: 19.01.2021

Dokumentnummer: 18/246-12

Deres referanse:

Saksbehandler: Ingeborg Skjølingstad

Forvaltningsrevisjon - sjukefråvær i skule og barnehage

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefråværet innan skule og barnehage og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Revisjonen hadde følgjande tilrådingar :

1. Sikre systematisk oppfølging av IA avtalen i samsvar med gjeldande avtale
2. Sikra at målsettingar for sjukefråværsarbeidet er oppdaterte , og vurdere å utarbeide eigne mål og tiltak knytt til sjukefråvær og barnehage slik at desse er tilpassa verksemdene
3. Sikra at hovudverneombod blir valt og at det blir skrive referat frå arbeidsmiljøutvalet

Undersøkinga viser at Bokn kommune har god oversikt over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage.

Revisjonen meiner vidare at Bokn kommune har sett i verk gode tiltak for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket. Samtidig meiner revisjonen at det ikkje er tilfredsstillande at kommunen ikkje har følgt opp IA-avtalen for perioden 2014-2018.

Det er ikkje utarbeidd handlingsplan med tiltak saman med dei tilsette som ledd i oppfølginga av avtalen, og målsettingar for sjukefråværsarbeidet er ikkje oppdaterte.

Revisjonen vil vidare understreke at det er viktig at kommunen sikrar at arbeidsmiljøutvalet (AMU) fungerer tilfredsstillande. Per februar 2019 har kommunen ikkje hovudverneombod og det er ikkje skrive referat frå dei tre møta AMU hadde i 2018.

Bakgrunn for saka

Rådmannen gav følgjande tilbakemelding til kontroll – og kvalitetsutvalet juni 2020:

Bokn kommune har hausten 2019 arbeida med desse anbefalingane, og det er laga ein framdriftsplan for oppfølging.

Kommunen hadde ei målsetting om å iverksette eit arbeid knytt til handlingsplanar med mål og tiltak for IA arbeid som er utvikla som følge av anbefalinga i punkt 2.

Diverre har kommunen siste halve året vore i ein situasjon med personalmangel både på skulen knytt til rektorstillinga og i sentraladministrasjonen knytt til personalsjefstillinga. Dette har gjort at det ikkje har vore tilstrekkeleg kapasitet for å iverksette dette arbeidet. I mars vart kommunen og råka av koronasituasjonen og kommunen måtte ha fokus på beredskapen knytt til dette.

Bokn kommune vil difor setje i gong med arbeidet som er nedfelt i handlingsplanane knytt til IA arbeid frå hausten 2020.

Kontroll – og kvalitetsutvalet vedtok derfor at rådmannen skulle rapportere på ny punktet knytt til oppfølging av IA avtalen innan 15.01.21

Saks- og faktaopplysningar

IA avtalen har følgande nasjonale mål for perioden 2019 – 2022:

- Sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018
- Fråfallet frå arbeidslivet skal reduserast

For å nå måla er det valt ut to innsatsområde:

- Forebyggjande arbeidsmiljøarbeid
- Innsats mot lange og/eller hyppige gjentakande sjukefråvær

Det overordna målet for IA-samarbeidet er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å forebygge sjukefråvær og fråfall og på denne måten bidra til å auke sysselsettinga.

Den enkelte arbeidsplass er den viktigaste arenaen for arbeidet med å skape eit meir inkluderande arbeidsliv. IA-omgrepet brukast derfor også om ei tilnærming til korleis arbeidsplassen kan bli meir inkluderande.

Bokn kommune har hausten 2020 starta opp med faste møter i AMU – 2 på hausten og 2 på våren.

Hausten 2020 er det og starta opp med HMS – grupper for dei ulike tenesteområda i Bokn kommune

- Helse og omsorg
- Oppvekst – og kultur
- Sentraladministrasjon inkludert teknisk

Det er utarbeida ein eigen rettleiar for gruppene og det er beskrive kva ein skal ha på agendaen.

Eit godt partssamarbeid er ein føresetnad for å lykkes med IA arbeidet og både tillitsvalde, verneombod og leiing er representert i gruppene.

Eksempler på saker som drøftes i HMS gruppene:

- Fokus på nærvær
 - o Rutine i forhold til korleis ein følger opp tilsette som er gravide slik at de kan stå i arbeid lengst mogleg
 - o Fokus på 0-samtalen – at tilsette må kontakte leiar før lege når de byrjar å kjenne at «det luggar litt» og ein kjenner at ein står i fare for å bli sjukemeldt
 - o Fråvær/nærvær er fast sak på HMS utvalsmøter

Kommunen har inngått eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter som følger opp kommunen med tanke på IA arbeidet.

Overordna rutine for oppfølging av sjukemeldte er revidert og skal no ut på høyring i HMS gruppene for så å bli vedteke i AMU.

AMU vedtok hausten 2020 at alle tilsette i Bokn skulle få tilbod om å delta i personalundersøking i januar 2021. Undersøkinga vert gjennomført av bedriftshelsetenesta. Planen er å bruke resultata frå undersøkinga til å definere lokale IA mål for Bokn. HMS gruppene blir sentrale i oppfølginga av undersøkinga.

Gode resultat krev systematisk og langsiktig arbeid. IA-arbeidet dreier seg generelt sett om å:

- systematisk redusere psykiske og fysiske belastningar på arbeidsplassen.
- førebygge fråvær gjennom tilrettelegging av arbeidet for den enkelte tilsette.
- følgje opp sjukmeldte på ein strukturert måte for å få dei raskt tilbake i jobb. Til dette trengs rutinar og kompetanse rundt sjukefråværsoppfølging. Sjukmelding er ikkje ei privatsak, og det skal vere tett kontakt mellom leiar og sjukmeldt.
- aktivt stimulere til at eldre arbeidstakarar blir så lenge som mogleg i arbeid.
- Forsøke å ha tilsette i jobb sjølv om dei ikkje kan yte 100 prosent.
- legge til rette for tilsetting av personar som strever med å finne ein jobb.
- ha fokus på eit godt arbeidsmiljø, trivsel og faktorar som motiverer tilsette til å komme på jobb. Arbeidsplassen skal ideelt sett vere helsefremjande, noko ein oppnår til dømes gjennom å sørge for at dei tilsette blir sett, høyrte og involvert, at roller og oppgåver er tydelege og at dei tilsette opplever arbeidet som meningsfullt.
- Arbeidsplassen formast i stor grad gjennom leiarskap. Derfor har leiinga eit ansvar for å skape gode rammevilkår for ein inkluderande arbeidsplass. Forankring og engasjement heilt opp på øvste nivå i ei verksemd er avgjerande for å lukkast med IA-arbeidet. Den andre hovudaktøren er dei tilsette sjølv, som pliktar å samarbeide konstruktivt i utviklinga av sin arbeidsplass. Det er derfor avgjerande at IA-arbeidet er forankra i partssamarbeidet. Verneombod og tillitsvalde er sentrale aktørar som medverkar til å legitimere og forankre IA-arbeidet i heile organisasjonen. I tillegg finst det mange andre aktørar og gode hjelparar, som til dømes bedriftshelsetenesta, legar og NAV. For å lukkast krev IA-arbeidet eit konstruktivt samarbeid, tillit og dialog mellom alle desse aktørane.

Rådmannen sin konklusjon

Kommunen er godt i gang med oppfølging av IA avtalen, noko som er eit kontinuerleg arbeid. Fokus er at dei måla ein kjem fram til i løpet av våren 2021 er godt forankra i organisasjonen.

Med hilsen

Ingeborg Skjølingstad
Rådmann

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv

Et arbeidsliv med plass for alle

1. januar 2019 – 31. desember 2022

Den norske arbeidslivsmodellen har gitt gode resultater for sysselsetting, produktivitet, omstillingsevne og et lærende arbeidsliv. I Norge arbeider de fleste under gode og forsvarlige arbeidsforhold. På mange arbeidsplasser jobbes det godt og systematisk med å forebygge og redusere sykefravær og frafall, og mange tar også et stort samfunnsansvar ved å bidra til integrering og inkludering i arbeidslivet.

Målet er å legge til rette for at så mange som mulig kan arbeide så mye som mulig, så lenge som mulig

Arbeidskraften er Norges viktigste ressurs. Høy sysselsetting er grunnlaget for å opprettholde et bærekraftig velferdssamfunn, samtidig som det er av stor betydning for den enkelte å være i jobb. Trepertssamarbeidet om et mer inkluderende arbeidsliv skal bidra til høy sysselsetting og mobilisering av arbeidskraft gjennom å forebygge og redusere sykefravær og frafall fra arbeidslivet.

IA-avtalen setter arbeidsplassen i sentrum

Avtalens innsatsområder, organisering og virkemidler skal støtte arbeidet som ledere, tillitsvalgte, verneombud og ansatte gjør i den enkelte virksomhet. Det handler om et godt forebyggende arbeidsmiljø- og sykefraværarbeid, men også om å være tidlig ute med kartlegging, drøfting og innsats for kompetanseheving. Virksomhetenes arbeid og innsats innenfor disse områdene bidrar til å forebygge og redusere sykefravær og frafall og legger til rette for inkludering. Trepertssamarbeidet skal understøtte og muliggjøre oppfølging og resultater i den enkelte virksomhet. For å oppnå målene for avtalen, må innsats og virkemidler på alle nivåer bygge på relevant kunnskap.

Arbeidslivet er i kontinuerlig endring

Store endringer som teknologiutvikling, klimautfordringer, internasjonalisering, endring i næringsstruktur, innvandring og aldring av befolkningen vil påvirke arbeidslivet og kompetansebehovene i samfunnet i årene framover. Å møte disse utviklingstrekkene krever en helhetlig innsats gjennom trepartssamarbeidet.

Et helhetlig samarbeid

Et godt samarbeid mellom partene, både trepartssamarbeid på samfunnsnivå og topartssamarbeid på arbeidsplassene, er det viktigste verktøyet i inkluderingsarbeidet. IA-avtalen må sees i sammenheng med øvrige prosesser som omhandler kompetanse, sysselsetting og inkludering. Partene samarbeider godt om utdannings- og kompetansepolitikken og arbeids- og velferdspolitikken, og bidrar aktivt i regjeringens satsinger på integrering og inkludering.

IA-avtalens viktigste bidrag i denne helheten er felles innsats fra partene på arbeidsplassen for å forebygge sykefravær og frafall og fremme inkludering. Myndighetene skal gjennom sine virkemidler støtte opp under dette arbeidet.

Regjeringen vil ikke foreslå endringer i sykelønnsordningen i denne avtaleperioden, verken for arbeidsgivere eller arbeidstakere, med mindre partene er enige om det. Avtalen forhindrer likevel ikke at partene kan diskutere problemstillinger knyttet til sykelønn.

Mål for samarbeidet

Mål på nasjonalt nivå

IA-avtalen skal skape et arbeidsliv med plass til alle gjennom å forebygge sykefravær og frafall og på denne måten bidra til å øke sysselsettingen.

- Sykefravær: Sykefraværsprosenten skal reduseres med 10 prosent sammenlignet med årsgjennomsnittet for 2018.
 - o Flere sektorer, bransjer og virksomheter har et lavt sykefravær. I disse bransjene og virksomhetene vil det kunne være et mål i seg selv å opprettholde det lave fraværet og fokusere innsatsen på forebyggende arbeidsmiljøarbeid og på å redusere frafall fra arbeidslivet.
- Frafall: Frafallet fra arbeidslivet skal reduseres.
 - o Med frafall menes personer i yrkesaktiv alder som ikke kommer tilbake til arbeid etter fravær. Det er vanligvis langtidssykmeldte som går over på arbeidsavklaringspenger og etter hvert til uføretrygd, eller personer som går over til tidligpensjonering.

Gjennom å jobbe godt og systematisk med å forebygge og redusere sykefravær og frafall, skal virksomhetene være med på å skape gode inkluderingsarenaer i arbeidslivet. IA-avtalens suksess må vurderes i lys av partenes konkrete innsats, aktiviteter og resultater. Det skal utvikles indikatorer som gir informasjon om aktiviteter og leveranser hos alle partene i samarbeidet, inkludert myndighetenes innsats.

Mål på bransje- og sektornivå:

Den bransje- og sektorvise utviklingen innen arbeidsmiljø, sykefravær og frafall er viktig for utviklingen i avtalens nasjonale mål. Bransjer og sektorer har ulike utgangspunkt, utfordringer og utviklingstrekk, og vil bidra i ulik grad til å oppnå de nasjonale målene for IA-avtalen.

Avtalepartene er enige om å målrette innsatsen mot bransjer og sektorer som har potensial for å redusere sykefravær og frafall, og på denne måten bidra til å nå de nasjonale målene for avtalen. På bakgrunn av dokumentert kunnskap skal det fastsettes egne mål og indikatorer for prioriterte bransjer og sektorer. Partene forplikter seg til sammen å komme

frem til hvilke bransjer og sektorer som skal prioriteres i avtaleperioden, og hvordan partene skal følge opp dette i sitt eget arbeid.

Organisering av IA-avtalen

IA-avtalen skal omfatte hele det norske arbeidslivet. Arbeidsplassen er hovedarenaen for IA-arbeidet. Et godt partssamarbeid er en forutsetning for å lykkes med IA-arbeidet. Både ledelse, tillitsvalgte og verneombud har viktige roller i dette arbeidet.

Det partssammensatte *Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd* under ledelse av arbeids- og sosialministeren har ansvaret for oppfølgingen av IA-avtalen på nasjonalt nivå. Rådet skal årlig diskutere erfaringer og resultater samt strategi og overordnede planer for IA-arbeidet.

Oppfølgingen av prioriterte bransjer og sektorer vil være en sentral del av det organiserte samarbeidet mellom partene og myndighetene. Partene og myndighetene skal sammen vurdere og komme frem til hensiktsmessig form på samarbeidet i de prioriterte bransjer og sektorer. Arbeidslivets parter kan selv etablere regionale samarbeidsarenaer der de mener dette er hensiktsmessig.

Den operative oppfølgingen av IA-avtalen på nasjonalt nivå gjøres av en *koordineringsgruppe* under Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd. Gruppen består av hovedorganisasjonene og myndighetene, herunder Arbeids- og velferdsetaten, STAMI og Arbeidstilsynet. Gruppen skal følge opp sentrale initiativ og satsinger i IA-avtalen og forberede drøftingene i Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd.

Faggruppen er en arbeidsgruppe bestående av partene, myndighetene og relevante fagmiljøer. Faggruppen skal drøfte status og utvikling i IA-målene og sikre god og relevant kunnskap om forhold av betydning for IA-avtalens mål og innsatsområder. Faggruppens vurderinger gir et viktig faglig grunnlag for arbeidet i koordineringsgruppen og i de prioriterte bransjesatsingene. Gruppen skal også legge frem en årlig rapport for Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd. Faggruppens mandat, herunder sammensetning, oppgaver og organisering skal gjennomgå og justeres innledningsvis i avtaleperioden, slik at det støtter opp under innretningen og prioriteringene i denne IA-avtalen.

Virkemidler i IA-avtalen

Virkemidler og tiltak i IA-avtalen skal understøtte målene og innsatsområdene i avtalen. Nye tiltak skal være kunnskapsbaserte og det skal settes i gang følgeforskning og effektevalueringer av prioriterte satsinger og virkemidler. I tråd med innretningen på avtalen, skal en rekke virkemidler og tiltak være generelle og treffe hele arbeidslivet. Partene og myndighetene er også enige om å prioritere virkemidler til en målrettet innsats mot bransjer og sektorer som har potensial for å redusere sykefravær og frafall.

Tiltakene i avtalen vil kunne ha ulik prioritering gjennom avtaleperioden.

Innsatsområder

For å støtte opp under målene for IA-avtalen, er partene og myndighetene enige om å løfte frem satsinger for forebygging av sykefravær og frafall og å målrette innsatsen mot lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær.

Forebyggende arbeidsmiljøarbeid

For å ha effekt må forebyggende arbeidsmiljøarbeid være kunnskapsbasert og rettet mot reelle behov på den enkelte arbeidsplass. IA-avtalen skal styrke partssamarbeidet om forebyggende arbeidsmiljøarbeid lokalt og bidra til at virksomhetene får tilgang til god kunnskapsbasert støtte i arbeidet.

Innsats mot lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær

Langtidssykefraværet utgjør den største delen av sykefraværet i Norge, og øker også risikoen for varig frafall fra arbeidslivet. Partene vil i IA-perioden rette særlig innsats mot de lange og/eller hyppig gjentakende sykefraværene. Innsatsen skal være kunnskapsbasert.

Virkemidler for hele arbeidslivet

Ny arbeidsmiljøsatsing

For å gjøre en offensiv innsats for bedre forebyggende arbeidsmiljøarbeid, etableres det en ny arbeidsmiljøsatsing som skal bidra til kunnskap, kompetanse og verktøy for virksomhetene.

Arbeidsmiljøsatsingen skal støtte opp under begge innsatsområder i IA-avtalen og dreie seg om målrettet bransje- og arbeidsplassrettet kunnskapsutvikling, formidling og veivisning i forebyggende arbeidsmiljøarbeid. Arbeidet skal bidra til virksomhetenes forebyggende arbeidsmiljøarbeid på de områder som i størst grad bidrar til sykefravær og frafall. Gjennom en slik faglig spissing kombinert med en rendyrking av kunnskapsformidlings- og veiviserrollen, skal Arbeidstilsynet prioritere støtte til bransjer, sektorer og virksomheter som trenger og ønsker veivising i målrettet, forebyggende arbeidsmiljøarbeid, i tillegg til tradisjonelt tilsyn og kontroll.

Satsingen forberedes og etableres gjennom et utviklingsprosjekt i 2019. Tiltak i satsingen prøves blant annet ut gjennom piloter og det tas sikte på i løpet av 2019 å etablere en samlet nettbasert løsning/portal for å formidle kunnskap og kompetanse om effektivt forebyggende arbeidsmiljøarbeid til bransjer/sektorer og virksomheter. Portalen skal gi et rammeverk for IA-samarbeid og aktivitet på den enkelte arbeidsplass og også gi insentiver til slik aktivitet. Portalen må videre klargjøre forventninger til de lokale partenes roller og hvilket ansvar de lokale partene har i IA-arbeidet. Portalen må gradvis og løpende suppleres og videreutvikles etter 2019. Portalen knyttes til Arbeidstilsynets nettsider.

Arbeidsmiljøsatsingen innebærer tilgjengeliggjøring av kunnskapsbasert informasjons- og veivisningsmateriell og anbefalinger, slik at virksomhetene enkelt kan ta i bruk de nye virkemidlene som støtte og inspirasjon i sitt eget lokale forbedringsarbeid. Portalen skal være brukerorientert og interaktiv, slik at partene på arbeidsplassen i fellesskap kan

kartlegge egen virksomhet og måle egne aktiviteter og resultater opp mot andre virksomheter det er naturlig å sammenligne seg med.

Portalen må ses som et supplement til tjenestene som leveres av NAV Arbeidslivssenter og skal også forenkle virksomhetenes dialog med disse, blant annet gjennom lenker til NAV.no. Arbeidslivssentrene skal legge kunnskap og kompetanse fra arbeidsmiljøsatsingen til grunn for sin bistand og støtte til virksomhetene.

I tillegg til virksomhetene, vil viktige målgrupper for satsingen være bedriftshelsetjenesten, Arbeids- og velferdsetaten - herunder NAV Arbeidslivssenter, relevante organisasjoner mv. Gjennom en kombinasjon av digitale verktøy og rådgivning og veivisning fra myndighetene skal arbeidsmiljøsatsingen nå ut til hele arbeidslivet. Det opprettes en referansegruppe for satsingen med relevante parter og myndigheter.

Opplæring i arbeidsmiljøarbeid

Arbeidsgiver- og arbeidstakerorganisasjonene vil bidra til bedre og kunnskapsbasert opplæring i arbeidsmiljøarbeid. Kunnskap og kompetanse blant ledere, tillitsvalgte og verneombud er helt avgjørende for å oppnå resultater på arbeidsplassene. Opplæring i arbeidsmiljø og målrettet arbeidsmiljøarbeid skal bygge på kunnskap og kompetanse fra den nye arbeidsmiljøsatsingen og skal inngå i leder, tillitsvalgt- og verneombudsopplæringen. Portalen som er omtalt tidligere kan være et godt verktøy også i opplæringen i arbeidsmiljøarbeid.

En koordinert arbeidslivstjeneste

Arbeidet med å skape et inkluderende arbeidsliv skjer i den enkelte virksomhet. En viktig forutsetning for å lykkes med dette er godt partssamarbeid. For å få bistand og støtte til arbeidet med IA-avtalens mål og innsatsområder på den enkelte arbeidsplass, kan virksomheter inngå samarbeid med NAV Arbeidslivssenter. NAV Arbeidslivssenters bistand og kompetanse vil være et sentralt virkemiddel overfor virksomheter i IA-arbeidet. Det skal være en dokumentert dialog mellom partene i den enkelte virksomhet før NAV Arbeidslivssenter yter bistand.

Arbeids- og velferdsetaten skal utvikle digitale tjenester som gir virksomheter et samlet tjenestetilbud og samhandlingsflate med Arbeids- og velferdsetaten. Dette vil gi virksomheter et digitalt kontaktpunkt som kan forenkle og effektivisere virksomhetenes dialog og samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten, herunder NAV Arbeidslivssenter. Partene er enige i at flere funksjoner vil ivaretas av digitale tjenester i tiden fremover, og at personlige støttefunksjoner vil være forbeholdt saker hvor behovet for bistand er størst. Virksomheter som har en fast kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter kan beholde dette med mindre virksomhetskontakten kan ivaretas på en annen og bedre måte.

Ressursene i arbeidslivssentrene skal være et virkemiddel i IA-arbeidet.

For å støtte opp under arbeidet med å forebygge og redusere sykefravær på den enkelte arbeidsplass, skal det opprettes et tilskudd til ekspertbistand i enkeltsaker med lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær. Tilskuddet begrenses til situasjoner hvor

dokumenterte bedriftsinterne tiltak og andre offentlige støtteordninger er utprøvd, og hvor arbeidsgiver, NAV Arbeidslivssenter og den enkelte arbeidstaker er enige om at det er hensiktsmessig med ekstern ekspertbistand for å finne løsninger.

HelseArbeid

Virkemiddelet HelseArbeid består av en satsing på helsefremmende og forebyggende kunnskapsformidling på arbeidsplassen, med rask tilgang på individrettet tverrfaglig utredning og avklaring som skal fremme mestring og arbeidsdeltakelse. Målgruppen er den store gruppen arbeidstakere som står i fare for å falle utenfor arbeidslivet grunnet muskel-skjelettlidelser og/eller psykiske plager.

